

Husbygging snart i Ospelunden?

26.06.2007



Er det endeleg noko på gang i Ospelunden? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleire grunneigarar gjekk saman og fekk utarbeidd ein reguleringsplan for Ospelunden, men framleis manglar ein teknisk plan for dette feltet. Etter at planen vart godkjent har det ikkje vore noko utvikling med tanke på bygging, men no kan det skje noko. Dottera til ein av grunneigarane ynskjer å byggja hus ovanfor huset til Oddbjørn Kroka.

Grunneigaren er Kjell Yri og han har søkt kommunen om ein liten endring av reguleringsplanen. Endringa gjeld tilkomstvegen, som Yri ynskjer lagt i ein sving sørvest for huset til Kroka.

Huset skal ha kjellar som må sprengast ned i terrenget slik at buflata i første etasje kjem i samme høgd som terrenget i overkant av huset. Ein tenkjer seg då garasje i plan med golvet i kjellaren.

Kroka har tilknytning til offentlig kloakk ved hjelp av kloakkpumpe. Denne kan betjena fleire husstandar og Yri har avtale med han om at eit eventuelt nytt hus kan koplatt til hans system.

Når det gjeld vassforsyninga, må det leggjast ny leidning frå hovudleidningen som går i gang- og sykkelvegen. Denne leidningen skal då forsyne fleire bustader i samme området, opplyser Yri i brevet til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen